



ART ARKITEKTER OG INGENIØRER AS
Langelandsvegen 17
6010 ÅLESUND

Norddal kommune

Reguleringsplan gnr4 bnr131 bnr132 bnr133 bnr134 bnr3 bnr86 bnr87 bnr9 m.fl. på Muri - Valldal Høvleri AS – Fråsegn til varsel om oppstart

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Det er varsla oppstart av planarbeid for detaljregulering på gnr4 bnr131 med fleire på Muri i Valldal. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bustad med tilhøyrande infrastruktur. Ein ønskjer også å legge til rette for fritidshus/camping på flata bak eksisterande område for Valldal camping.

Campingplassar beslaglegg mykje areal i Norddal kommune. Vi rår kommunen til å sjå på arealrekneskapet for bustadareal og gjere ei vurdering om ein bør opne for utviding av campingplassen så nært sentrumsfunksjonane til fordel for tilgjengeleg bustadareal.

Landbruk

Fylkesmannen ønsker at der det skal byggjast på matjord vert denne ivareteke og flyttast til ein matprodusent i aktiv drift for utviding av driftsareal og ressursgrunnlag. Dette for bidra til å nå målet om auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad i Noreg.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser at planområdet er faresonekartlagt for skred, flaum og flodbølge som følge av fjellskred. Planen må ta omsyn til den risikoen som er avdekket gjennom farekartleggingane. Det kan i tillegg vere anna risiko/sårbarheit som må varetakast gjennom arealplanlegginga. Det må derfor gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3.

Vassdrag

Det må settast av ein buffersone mot Valldøla med tilstrekkeleg kantvegetasjon, jf. vassressurslova § 11. Ein bør også legge til rette for tilkomst for ålmenta ned til elva. Vi viser til at det er lagt inn gang/sykkelveg over dette arealet i kommuneplanens arealdel.

Barn og unge

Plan og bygningslova held i sin formålsparagraf fram prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal takast i vare i planlegging og byggesak, jf. § 1-1 i lova. Vidare blir det i pbl § 5-1 peika på at kommunane har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev dette, herunder barn og unge.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging har forankring i § 6-2 i lova, og legg føringar for arbeidet. *Temaretteljar T-1514 og Rundskriv T-02/08 om barn og planlegging*, utdjupar retningslinjene.

Fylkesmannen har nyleg utarbeidd råd om *Leikeplassar – lokalisering og utforming*. Råda er tilgjengeleg på våre heimesider: <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Plan-og-bygg/Arealforvaltning/Leikeplassar---Fylkesmannen-sine-rad-i-plansaker/>

Grunnlaget for våre leikeplassråd er dei nasjonale krava som er stilt til fysisk utforming av oppvekst- og leikemiljø. Dette omfattar:

- Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare
- I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Dette krev blant anna at areala:
 - Er store nok og eignar seg for leik og opphald
 - Gir høve til ulike typar leik ulike tider på året
 - Kan nyttast av ulike aldersgrupper, og gir høve til samhandling mellom barn, unge og vaksne

I reguleringsplanen må eigna areal vere sikra i plankart og føresegner. Nærleikeplass skal dekke behovet frå 5-20 bueiningar, ha ein storleik på minimum 200m² og har maksimal gangavstand frå bueiningane på 50 meter. Ferdigstilling av leikeareal må vere sikra gjennom rekkefølge- og funksjonskrav i føresegnene.

Vi ber også om at planomtalen gjer greie for kva som finst av leikeplassar utover grensene for planområdet. Dette inneber ei oversikt over grøne område eigna til leik, tilrettelagte nærleikeplassar og kvartalsleikeplassar, samt avstand og tilkomstveg til områda. Eit kart med avmerking av slike område kan gje ei god oversikt.

Fylkesmannen vil måtte fremje motsegn til ein reguleringsplan der ein ikkje har tatt tilstrekkeleg omsyn til barn og unges interesser.

Universell utforming

Universell utforming er nedfelt i § 1-1 i plan- og bygningslova der det heiter at prinsippet om universell utforming skal ligge til grunn for planlegging og krava til det enkelte byggetiltak.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi

Norddal kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde